# Oppfølgingsliste 2/2016

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| 54/14 | FR 2010 – Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane – oppf. frå frm | 25.11 | 30.06.15<br><br>31.03.16 | Vedtak KU:<br>1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen datert 10.11.2014 til orientering.<br>2. Utvalet ber om å bli orientert når retningslinjer og rutinar knytt til prosjektrekneskap for veg- og bygginvesteringar er komne på plass i løpet av våren 2015.<br>3. Kontrollutvalet ber om å bli orientert om status på oppfølginga av tilrådingane 2 – 5 innan utgangen av 1. halvår 2015.<br>Vedtaket sendt frm 1.12.14<br>Sjå sak 33/15 |
| 11/15 | FR – Samhandling og prosjektstyring – rapport | 25.3 | Januar 2016 | Vedtak – tilråding til FT:<br>1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomføring av forvaltningsrevisjon «Samhandling og prosjektstyring» til etterretning.<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å følgje opp tilrådingane i rapporten, kapittel 6.<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å melde tilbake til kontrollutvalet status for oppfølging av tilrådingane og plan for eventuelt vidare arbeid innan utgangen av 2015.<br><br>Fylkestinget handsama saka 10.04.15 i FT-sak 2/15, og vedtok KU si tilråding. Vedtaket sendt frm 13.04.15<br><br>Handsama i KU 260116 i KUsak 4/16.<br>**AVSLUTTA** |
| 12/15 | FR – Fylkesarkivet - rapport | 25.3 | Januar 2016 | Vedtak:<br>1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av fylkesarkivet til etterretning.<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørgje for at tilrådingane i rapporten vert gjennomførde, og melde tilbake til kontrollutvalet status så raskt som mogeleg, og seinast innan utgangen av 2015.<br><br>Fylkestinget handsama saka 10.04.15 i FT-sak 3/15, og vedtok KU si tilråding. Vedtaket sendt frm 13.04.15<br><br>Handsama i KU 260116 i KU-sak 7/16.<br>**AVSLUTTA** |
| 14/15 | FR – Tryggleik og beredskap – oppfølging av vedtak i FT-sak 7/14 | 25.3 | Januar 2017 | Vedtak: |

<table>
<tr><td></td><td></td><td></td><td></td><td>1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 10. februar 2015 frå fylkesrådmannen til orientering<br>2. Kontrollutvalet ber om orientering om status i KU-møte 25. august 2015 for oppfølging av vedtaket i FT-sak 7/14.<br>3. Kontrollutvalet ber om ny oppfølgingsrapport innan 15. januar 2016.<br>Vedtaket sendt til frm med kopi til ass frm. 26.3.2015.<br>Sjå sak 38/15 pkt. 3<br>Orientert om i KU 260116 i KU-sak 10/16.<br>Bedt om utsetting til 31.12.16</td></tr>
<tr><td>27/15</td><td>FR – Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport</td><td>12.5</td><td>Januar 2016</td><td>Vedtak – tilråding til fylkestinget:<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp og oppfølging av kollektivtransport til etterretning<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp tilrådingane frå revisor.<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å rapportere til kontrollutvalet når oppfølginga er ferdig, seinast innan 31. desember 2015<br>Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet i FT-sak 13/15.<br>Handsama i KU 260116 i KU-sak 5/16.<br>AVSLUTTA</td></tr>
<tr><td>33/15</td><td>FR 2010 – Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane - oppfølging våren 2015</td><td>26.08</td><td>April 2016</td><td>Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek notat frå fylkesrådmannen datert 10.06.2015 – Retningslinjer for byggerekneskap i Sogn og Fjordane fylkeskommune - til vitande.<br>2. Kontrollutvalet vurderer tilrådingane 1 og 6 – 9 i tillegg til punkt 3 i vedtaket i FT-sak 2/11 til å vere oppfølgde.<br>3. Kontrollutvalet ber om ein ny status på tilrådingane 2 – 5 innan utgangen av mars 2016.</td></tr>
<tr><td>34/15</td><td>KU - Budsjett 2016/ økonomiplan 2016-2019</td><td>26.08</td><td></td><td>Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet gjer framlegg om budsjett for 2016/økonomiplan 2016 – 2019 for 410 Kontrollutval<br>Deler av tabellen i vedtaket
<table>
<tr><th>410 Kontrollutval</th><th>Netto - budsjett 2016</th><th>Netto - budsjett 2017</th></tr>
<tr><td>Kontrollutvalet</td><td>680 000</td><td>630 000</td></tr>
<tr><td>Sekretariatet</td><td>1 076 000</td><td>1 076 000</td></tr>
<tr><td>Tenestekjøp</td><td>2 412 000</td><td>2 412 000</td></tr>
<tr><td>SUM – 410</td><td>4 168 000</td><td>4 118 000</td></tr>
</table>
2. Kontrollutvalet vil peike på det særlege opplæringsbehovet som ligg til utvalet og ber om at denne posten bør aukast i 2016 og 2017. Kontrollutvalet ber om auke på 100 000 kroner begge desse åra.</td></tr>
</table>

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 3. Budsjett og økonomiplan vert å sende til fylkesutvalet/finansutvalet for innarbeiding i fylkeskommunen sitt budsjett.<br>**AVSLUTTA** |
| 38/15 | Skriv, meldingar og orienteringar KU 20.08.15 | 26.08 | | Vedtak:<br>1. Orientering om oppfølging av forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap v/assisterande fylkesrådmann.<br><br>*Assisterande fylkesrådmann ba om utsetting for oversikt over kaianlegg. Det er ikkje mogeleg å få denne oversikta klar til 1. september. Vil kome tilbake til dato seinare. Det er ynskje frå ass. frm å få kontrollsjefen med i arbeidet med å sette opp ein plan for oppfølgingsarbeidet med dette prosjektet fram til neste møte i kontrollutvalet. Kontrollutvalet og kontrollsjefen peikar på viktigheita av å ivareta uavhengigheit i arbeidet for kontrollorgana, men stiller seg positiv til initiativet.*<br>**AVSLUTTA** |
| 39/15 | SK 2015 – Informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og fylkeskommunen | 01.10 | Januar 2016 | Vedtak:<br>1. Fylkestinget tek saka «selskapskontroll 2015 – informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og fylkeskommunen» til vitande.<br>2. Det må for framtida sikrast gode nok rutinar på informasjonsflyt slik at eigar gjennom Fylkesutvalet har tilfredstillande kunnskap til å utføre aktiv og god eigarskap.<br>3. Fylkesrådmannen vert bedt om å legge fram ei sak med endring av reglement for politiske utval som sikrar at vesentleg informasjon gitt i møte vert dokumentert.<br>a. Blant anna skal all eigarskapsinformasjon dokumenterast.<br>b. Tema for alle munnlege orienteringar skal protokollerast.<br>FT handsama saka 13. oktober 2015 i FT-sak 32/15, og vedtok KU si tilråding. Melding om vedtaket vart sendt fylkesrådmannen (Frm) 15. oktober.<br>**AVSLUTTA** |
| 40/15 | FR – Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg - prosjektplan | 01.10 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet vedtek prosjektplanen slik den er framlagd.<br>2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan utgangen av mars 2016.<br>**AVSLUTTA** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 43/15 | FR – Læringsmiljø og PP-tenesta - rapport | 01.10 | April - 2016 | Vedtak:<br>1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av læringsmiljøet i vidaregåande skule vert teken til etterretning<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp revisor sine tiltak i kapittel 7 i rapporten.<br>1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde status på oppfølginga, og eventuell plan for vidare oppfølging, til kontrollutvalet innan 31. mars 2016.<br>FT handsama saka 13. oktober 2015 i FT-sak 30/15. KU si tilråding vart vedteken. Vedtaket vart sendt Frm. 15. okt. |
| 47/15 | Orientering og drøfting 3. november 2015 | 03.11 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalsboka vert å sende til medlemmane elektronisk. Når oppdatert versjon vert klar frå departementet sendast trykt eksemplar av denne til medlemmane. |
| 48/15 | Reglement for kontrollutvalet | 24.11 | FT 8.12.15 | Vedtak:<br>**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**<br>1. Fylkestinget vedtek reglement for kontrollutvalet slik det ligg føre.<br>Fylkestinget handsama saka 8.12.15 i FT-sak 48/15. Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding.<br>**AVSLUTTA** |
| 50/15 | Plan for FR 2016 – 2020 - bestilling av overordna analyse | 24.11 | | Vedtak:<br>1. Bestilling av overordna analyse av den fylkeskommunale verksemda i samsvar med vedlagte bestillingsdokument vert oversendt Deloitte AS.<br>**AVSLUTTA** |
| 51/15 | Plan for SK – bestilling av overordna analyse | 24.11 | | Vedtak:<br>1. Bestilling av overordna analyse av den fylkeskommunale eigarskapen i selskap i samsvar med vedlagte bestillingsdokument vert oversendt SF revisjon IKS.<br>**AVSLUTTA** |
| 52/15 | Budsjett 2015 – omfordeling mellom funksjonar på programområde 410 | 24.11 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet vedtek følgjande omfordeling på programområde 410 i budsjett 2015:<br>a. Kr. 39 000 vert omfordelt frå funksjon 41001 til 41003<br>b. Kr. 22 000 vert omfordelt frå funksjon 41002 til 41003<br>2. Dei omfordelte midlane skal nyttast til kjøp av forvaltningsrevisjon<br>3. Tilbakebetaling på kr. 49 424 frå SF revisjon IKS for revisjonstenester |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 2014 bidreg til mindreforbruk på funksjon 41003 i 2015.<br>**AVSLUTTA** |
| 56/15 | Skriv, meldingar og orienteringar 24.11.15 | 24.11 | | Vedtak:<br>1. Orienteringar frå leiar og kontrollsjef<br>a. Vedtaket i FU-sak 104/15 Rådgjevar for fylkesordføraren<br><br>*Vedtaket vert tatt som ein del av desisjonssaka for inneverande år.*<br>**AVSLUTTA**<br>b. Informasjonsflyten rundt Fjord1<br><br>*Utvalet ba kontrollsjefen om å etterspørje eventuell presentasjon i eigarmøtet 1. november 2013 for å sjå om det er grunnlag for ytterlegare informasjon i saka.*<br>**AVSLUTTA**<br>c. E-post motteken av KU-leiar og kontrollsjef ang. bruk av midlar til lokal samfunnsutvikling i kommunane. Uoff OFL § 13 jfr Fvl § 13<br><br>*Kontrollutvalet handsama denne e-posten i lukka møte. KL § 31.2 jfr. Fvl § 13*<br>**AVSLUTTA**<br>d. E-post motteken av KU-leiar ang. spørsmål om Fjord1-prosessen (Salsprosessen) .<br><br>*Kontrollutvalet avventer resultat av eventuell lovlegheitskontroll og eventuell rettstvist før utvalet gjer vedtak om å gjere undersøkingar ang. denne saka.*<br>**AVSLUTTA** |
| 1/16 | Plan for FR 2016 – 2020 - prosjektplan OA | 26.1 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan for utarbeiding av overordna analyse slik den ligg føre.<br>**AVSLUTTA** |
| 2/16 | KU-Budsjett 2016 – Disp. av vedteken ramme | 26.1 | 1. tertial 2016 | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek disponering av budsjettramma 2016 til vitande |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 2. Kontrollutvalet ber sekretariatet om å fremje sak om justering av ramma på bakgrunn av auka kostnader til SF revisjon IKS 2016, og eventuelt endra kostnadsstruktur på det nye utvalet i samband med 1. tertial-rapportering 2016. |
| 3/16 | Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll | 26.1 | | Vedtak:<br>1. Bestillingsdokument for finansiell revisjon og selskapskontroll 2016 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, totalt kr. 1 757 658 vert godkjent og sendt SF revisjon IKS.<br>**AVSLUTTA** |
| 4/16 | FR – Samhandling og prosjektstyring- oppfølging av vedtak | 26.1 | | Vedtak:<br>1. Rapporten frå fylkesrådmannen datert 3.12.2015 vert teken til vitande<br>2. Kontrollutvalet vurderer vedtaket i FT-sak 2/2015 til å vere ferdig oppfølgt.<br>**AVSLUTTA** |
| 5/16 | FR – Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport – oppfølging av vedtak | 26.1 | August 2017 | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av tilrådingane til vitande.<br>2. Kontrollutvalet vurderer punkt 2, 4 og 5 til å vere oppfølgde<br>3. Kontrollutvalet ber om ny rapport når dei resterande punkta, 1a – 1f er ferdig oppfølgde seinast 30. juni 2017. |
| 6/16 | FR tannhelsetilbodet til prioriterte grupper – bestilling | 26.1 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet utset forvaltningsrevisjon av tannhelsetilbodet til prioriterte grupper på grunn av pågåande politisk prosess.<br>2. Leiar og kontrollsjef får fullmakt til å utarbeide bestilling på forvaltningsrevisjon av kulturminnevern, og sende bestillinga til Deloitte AS.<br>**AVSLUTTA** |
| 7/16 | FR – Fylkesarkivet – oppfølging av vedtak | 26.1 | 15. august 2016 | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av vedtak i FT-sak 3/15 til vitande.<br>2. Kontrollutvalet ber om status i arbeidet med utarbeiding av vedtekter for kommunearkivordninga og i arbeidet med nye rutinar for systematiske risikovurderingar innan 15. august 2016. |
| 8/16 | Årsplan for kontrollutvalet 2016 | 26.1 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek vedlagte årsplan for 2016 til vitande<br>**AVSLUTTA** |
| 9/16 | Oppfølgingsliste 1-2016 | 26.1 | | Vedtak:<br>1. Oppfølgingsliste 1-2016 vert teken til vitande<br>**AVSLUTTA** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 10/16 | Skriv, meldingar og orienteringar KU 260116 | 26.1 | | Vedtak:<br>1. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte<br>• Inneklima og vedlikehald av fylkeskommunale bygg<br><br>*Prosjektet er i rute. Ferdigstillingsdato er seinast utgangen av mars 2016.*<br>**AVSLUTTA**<br>2. Forvaltningsrevisjon – overordna analyse<br>• Prosessmøte 1 med kontrollutvalet - risikospel<br>• Diskusjon og vurderingar av risikoar innanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde<br>*Prosessmøte vart gjennomført. Revisor og kontrollsjef arbeider vidare med den overordna analysen , og innarbeider dei innspel som kom fram i møtet.*<br>**AVSLUTTA**<br>3. Oppfølging av FR Tryggleik og beredskap – status v/Assisterande fylkesrådmann<br>• Assisterande fylkesrådmann orienterte om status for oppfølginga av fylkestingsvedtaket etter gjennomført forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap. Det vart bedt om utsetting av fristen for å fullføre oppfølginga til 31.12.2016 på grunn av at arbeidet med ROS-analysen vil skje etter at ny organisasjonsstruktur for sentraladministrasjonen er på plass 1. april 2016.<br>**AVSLUTTA**<br>4. Diverse orienteringar v/Assisterande fylkesrådmann<br>• Orienteringane vart gitt i lukka møte, ref. kommunelova § 31, pkt. 3.<br>**AVSLUTTA**<br>5. Orientering frå leiar og kontrollsjef<br>• Leiar tok opp e-posten frå Nondal, som førre leiar i kontrollutvalet mottok 19. oktober 2015, til handsaming. Utvalet var samde om at det skal utarbeidast og sendast eit svar via e-post til Nondal. Kontrollutvalsleiar og kontrollsjef fekk fullmakt til å utarbeide og sende dette. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | **AVSLUTTA** |
| | | | | |
| | | | | |

Oppdatert 17.02.2016